

**Møtereferat**

Dato: 21.08.2014

Til stades:	Margot Bertheussen Kåre Ystanes Ingeborg Borgen Takle		
Forfall:			
Emne:	Referat frå FYEL-AU 210814	Sak:	2014/557-49
Møtetid:	10:15-12:40	Møtestad:	Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset

**Møteleiar: Margot Bertheussen**
**Referent: Ingeborg Borgen Takle**
**Sak 25/14 Eldrerådskonferanse 2014**

Fleire spennande foredragshaldarar er reservert. Eit førebels program ser slik ut:

**07.okt**

09:30-10:30	Registrering og rundstykkar
10:30-10:40	Velkommen til konferansen /Margot
10:40-10:50	Opning /Trude Drevland?
10:50-11:00	Kulturinnslag
11:00-12:00	Samhandlingsreformen /Christer Bakke Frantzen
12:00-12:15	Pause
12:15-13:00	Statens seniorråd /Wenche Frogner Sellæg
13:00-14:00	Lunsj
14:00-14:45	FN-konvensjonen og UU - med fokus på eldre /Inger Marie Lid?
14:45-15:15	Språk i helse og omsorg /? eller Husbanken /?
15:15-15:45	Pause m/kaffi og kake - innsjekk
15:45-17:15	Kva ønskjer dei kommunale råda at fylkeseldrerådet skal ta vidare med fylkeskommunen? /Gruppearbeid og presentasjon
18:00	Middag og underhaldning
	SKRIK?

**08.okt**

09:00-09:05	Morgontrim til musikk
09:05-10:00	Kultur for eldre /Kulturavdelingen?
10:00-10:45	Eldre, mobilitet og velferd /Susanne Nordbakke
10:45-11:15	Pause m/kaffi og kake - utsjekk
11:15-12:00	Kva vert gjort for eldre i HFK /Samferdselsavdelinga
12:00-12:30	Motivasjonstalar /Per Fugelli?
12:30-12:45	Oppsummering og avslutning

**VEDTAK:**

Margot sjekkar aktuelle innleiarar til Språk i helse og omsorg på brukarutvalet til Haukeland sjukehus, og Kåre Ystanes finn namnet på ein tidlegare leiar i Språkrådet angåande same tema. Administrasjonen følgjer opp kulturavdelinga angåande innlegg, samferdselsavdelinga angåande namn på innleiar og Langhaugen vgs angåande kulturinnslag.

Til kulturelt innslag under middag har SKRIK vore førespurd. Svar ventast neste veke.

Eldrerådskonferansen vert satt opp som sak på neste rådmøte.

**Sak 26/14      Uttale til regional plan for attraktive senter**

Frist for uttale er 22. august, og rådet sine medlemar har vore bedt om å kome med innspel. Inga innspel har vorte sendt inn og AU har sjølv skrive ein uttale.

**VEDTAK:**

Fylkeseldrerådet sendar inn følgjande uttale til regional plan for attraktive senter:

Fylkeseldrerådet (FYEL) er samd når det gjeld Hovedmåla i planen. FYEL er og samd i oppdelinga i fylkessenter og regionsenter. Kommunesentra er viktige når det gjeld kommunale tenester og daglegvarehandel. Serleg gjeld dette helsetenester. Lege og helsehus bør samlokalisera, og tilbodet bør vere lokalisert til der folk flest bur.

Når det gjeld **Bustadpreferansar**, har FYEL og merka seg at serleg eldre folk gjerne vil busetje seg i tettbygde strøk. Når det gjeld kvaliteten i bustadområde, bør ein, som planen seier, helst ikkje bu høgare enn i 5.etasje. Dette gjeld ikkje berre for barne-familiar, men i høgste grad også for eldre menneske. I tillegg bør det vere heis.

Når det gjeld **Struktur og form**, bør det etter FYEL sin mening leggjast stor vekt på at uteareala blir utforma estetisk og med trygge gangvegar. I nærleiken av tettstader bør det og vera gangstiar som eignar seg for eldre folk.

FYEL er og oppteken av at ein bør ha møteplassar i lokalsamfunnet. Når ein vert pensjonist og kanskje har mykje fritid, er det viktig at ein kan ha ein plass i møtast.

**Kjøpesenter – lokalisering og transportmønster** er noko FYEL og er opptekne av. For fleire kommunar/distrikt kan det vere betydeleg avstand til dei regionale sentra. Her vil det vere store variasjonar i transportbehov. Difor er det særstakt viktig med eit godt tilrettelagt kollektivt transporttilbod særskilt for dei eldre. Mange eldre har ikkje sertifikat, og då vert dei avhengige av slekt eller vener for transport til eit kjøpesenter. I distrikta bur dei ofte nær ein matvarebutikk, og det går ofte bussruter til og frå.

Når det gjeld **transport**, er FYEL samd i at kollektivknutepunkt bør vere attraktivt, trygt og universelt utforma. Og taxitilbodet bør samlokalisera med kollektiv-knutepunkt. FYEL er og av den meining at bestillingsruter, slik det var ei tid, bør oppretta på nytt, serleg i distrikt- og utkantstrøk.

**Handlingsplanar** er viktige for å nå måla. FYEL set stor pris på at handlingsplanar er konkrete, og FYEL vonar at det frå Fylkeskommunen si side vert budsjettet med midlar slik at handlingsplanane vert sett ut i livet.

Uttale til regional plan for attraktive senter vert lagt som ein referatsak på neste rådsmøte.

**Sak 27/14      Uttale til regional kulturplan**

Alle rådsmedlemar har fått tilsendt kulturplanen i papir. Frist for uttale er 26. september, og neste rådsmøte er 18. september.

**VEDTAK:**

Arbeidsutvalet ber medlemane om å kome med innspel til kulturplanen til møtet 18. september, og gir arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein uttale basert på innspela.

Uttale til regional kulturplan vert lagt fram som ein politisk sak i neste rådsmøte.

**Sak 28/14      Budsjett 2015 – Hordaland fylkeskommune**

Administrasjonen jobbar nå med budsjettet for 2015 og fylkesrådmannen kjem til å legge fram sitt forslag til budsjett i byrjinga på oktober. Det vil seie at fylkeseldrerådet kan spele inn ønskjer om auka midlar til administrasjonen nå og kome med innspel til politisk handsaming i oktober.

**VEDTAK:**

Budsjett 2015 – Hordaland fylkeskommune vert lagt som ein politisk sak på neste rådsmøte, med uttale til budsjett 2014 som eit vedlegg.

**Sak 29/14      Budsjett 2015 – fylkeseldrerådet**

Fylkeseldrerådet har brukt budsjett i eit år og ein kan byrje å sjå om ein har rekna rett eller feil når ein samanliknar rekneskap og budsjett. Budsjett for 2015 må ferdigstilla i løpet av hausten.

**VEDTAK:**

Budsjett 2015 – fylkeseldrerådet vert lagt fram som ein sak på neste møte der administrasjonen presenterer eit forslag til budsjett.

**Sak 31/14      TT-ordninga – endringar i retningslinjer**

Samferdselsutvalet hadde ein sak om endringar i retningsliner for TT-ordninga oppe på førra møtet 20. august. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sendte ein uttale til samferdselsutvalet der dei presiserte at rådet var overraska og skuffa over å ikkje ha fått saka til handsaming før samferdselsutvalet. Resultatet vart at samferdselsutvalet sendte saka tilbake til administrasjonen og ville ikkje realitetshandsame saka før råda hadde fått denne førelagt. Ein reknar med at fylkeseldrerådet og får saka førelagt.

**Sak 32/14      Vestlandskonferansen 2015**

Fylkeseldrerådet i Hordaland har fått æra av å arrangere Vestlandskonferansen 2015. Forslag frå arbeidsutvalet er å ha konferansen 28.-29. april. Det vart tidlegare ønskja å sjå på moglegheita av å halde konferansen utanfor Bergen.

**VEDTAK:**

Vestlandskonferansen 2015 vert lagt som ein sak til neste rådsmøte, med førespurnad om innspel på tema, stad og dato frå rådsmedlemane.

**Sak 33/14      Sakar til neste møte 18. september****Orienteringar:**

- Kultur for eldre, Premiss og Den kulturelle spaserstokken, Kulturavdelinga

**Referatsakar:**

- Oversikt økonomi
- Oversikt over sakar til politisk handsaming
- Årsmeldingar frå andre fylkar
- Referat Island frå Sogn og Fjordane
- Uttale mandat
- Svar til Pensionistforbundet
- Uttale regional plan for attraktive senter

**Politiske sakar:**

- Vestlandskonferansen 2014
- Regional kulturplan – uttale
- Eldrerådskonferansen 2014
- Brukarutval Helse Vest
- Forslag budsjett 2015 – fylkeseldrerådet
- Budsjett 2015 – Hordaland fylkeskommune
- Møteplan 2015